

FORELDREINFO SEPTEMBER 2024

TV-AKSJONEN - *Saman for små heltar*

I år er Bjerkreim skule med på innsamling til TV-aksjonen. Pengane går til barnekreftforeningen, og skal hjelpe barn som har ein alvorleg sjukdom, sånn at dei og familiane deira kan få ein så god kvardag som mogleg.

I dag hadde me besøk av frå TV-aksjonen Rogaland. Ho fortalte om innsamlinga, og me presenterte kva me på skulen skal gjera for å bidra.

Elevane fekk utdelt toppturkort, og kan ved å gå tur i nærområdet væra med på å samla inn pengar dekt av folkehelsemidlar frå kommunen.

17.oktober blir ein ekstra kjekt dag!

I skuletida skal me ha skuleløp kor me har vore så heldige at Bjerkreim Entreprenør og Aermade sponsar med 10kr per runde elevane spring i skulegarden.

Kl. 17-20 arrangerer FAU innsamlingskveld med loppemarknad, kafé, basar og kulturelle innslag frå kulturskulen og Bjerkreim barnekor. Håper at mange stiller opp på denne kjekke kvelden!

Du kan og støtta inne på spleis.no/bjerkreimskule

FAU/SU

Første møte i SU er i kveld, 30.09.

Bruk refleks

Nå begynn det å bli mørkt ute, både på morgon og kveld. Minner alle om på bruka refleksvest eller festa refleks på klede, slik at de er meir synlege i trafikken.

Me har ingen å mista!



TRIVSELSLEDER

Bjerkreim skule har vore TL -skule sidan skuleåret 20/21. Trivselsprogrammet er Skandinavias største program for aktivitet og inkludering i barne- og ungdomsskulen. Programmet legg til rette for auka aktivitet både i friminutt og undervisning. Aktivitetane i friminutta blir planlagt og leda av elevar som er trivselsleder (TL).

I starten av september var haustens TL'er på leikekurs i Eigersund, desse lærte dei vidare til alle elevar og vaksne på TL-leikedagen.



Hei!

Håper at alle hadde ei flott markenshelg, stor stas for elevane som alle får gratis inngang på fredagen sponsa av Bjerkreimsmarken.

Denne hausten har gått fort, og om ei veke er det allereie haustferie, september har vore fin og me har hatt mange kjekke dagar ute. Me har og arbeid med det tverrfaglege tema demokrati og medborgarskap. Elevane har blant anna vore med og laga klassereglar og arbeid med tema vennskap. På SFO har dei laga fine kort som dei har gitt til medelever på SFO.

2.trinn hadde ei flott fellessamling kor me fekk væra med på Sirkus, det var både slangetemmere, akrobater og klovnar som koste seg på scenen.

Ønsker alle ein fin haustferie!

Mvh

Karen M. Ollestad

rektor